



Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Sognekraft, Vik

Møtedato: 28.02.2014

Tid: 09:30

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

- 0930 Ordførar Marta Finden Halset ønskjer velkomen
Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 6.12.2013
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1130 Lunsj
- 1215 Sognekraft sine planar og vassdirektivet
Styreleiar Erling Stadheim og adm. direktør Terje Bakke Nævdal
- 1300 Status og planar ved Sogndal lufthamn Haukåsen
Lufthamnsjef Svein Sanden, Avinor
- 1345 Vel heim!

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
1/14	14/190-2 Innmelding Høyanger kommune
2/14	14/748-1 Val av leiar for Sogn regionråd 2014
3/14	14/749-1 Val av arbeidsgrupper i Sogn regionråd 2014
4/14	13/438-18 Felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn - forprosjekt
5/14	14/746-1 Orienteringssaker 28.2.2014
6/14	14/750-1 Lønn dagleg leiar (vert ettersendt)

Sogndal, 14.02.2014

Noralv Distad
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/190

Arkiv: 026

Saksnr.: Utval
1/14 Sogn regionråd

Møtedato
28.02.2014

Sak 1/14

Innmelding Høyanger kommune

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek at Høyanger kommune vert medlem i Sogn regionråd.

Saksutgreiing:

Høyanger kommune har vedteke å søkje medlemskap i Sogn regionråd, Høyanger kommune var med i Sogn regionråd frå oppstarten og melde seg ut med verknad frå 1.1.2006. I samband med at dei vurderte regionrådstilknytting møtte ordførar og rådmann i Høyanger regionrådet 25. oktober 2013. Høyanger handsama saka i kommunestyret i desember og ønskjer å gjennomføra innmeldinga så snart det er praktisk mogleg. Dei foreslår verknadsdato 1. mars 2014 for innmeldinga.

Sogn regionråd sin egenkapital består av ei rekke fond som i hovudsak er overskot av medlemskontigent frå kommunane og eksterne midlar. Pr 31.12.2013 utgjer fondsmidlar kr 2,7 mill.

I samband med innmeldinga i 2012 tilbakeførde Årdal kommune det same beløpet som dei hadde fått ved utmeldinga to år før. Det vart fastsett eit prinsipp for utbetaling av utløysingssum ved utmeldinga frå Årdal, men ikkje ved innmeldinga.

Etter det vi kjenner til fekk ikkje Høyanger kommune midlar overført ved utmelding. Fondsmidlar var kr 3,9 mill. ved utmelding pr 31.12.2005. Av dette utgjorde finansieringspakka for utbetring av Sogndal lufthamn kr 2,5 mill der Høyanger kommune hefta for sin del.

Kor stor del av fondsmidlar som er kontigent er vanskeleg å fastsetje, fordi fleire av fonda inneheld både kommunane sin medlemskontigent og eksterne midlar.

Administrasjonen legg fram desse opplysningane, men kjem ikkje med tilråding om regionrådet bør få tilført midlar ved innmeldinga.

Innmeldinga frå Høyanger kommune inneber at budsjettet for 2014 må reviderast. Sak om revidert budsjett vil bli lagt fram i møte 7. mai. Verknadsdato for medlemskontigenten vert 1.3.2014.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/748

Arkiv: 033 &85

Saksnr.: Utval
2/14 Sogn regionråd

Møtedato
28.02.2014

Sak 2/14

Val av leiar for Sogn regionråd 2014

Tilråding:

For 2014 vert

- ---- vald som leiar i rådet
- ---- vald som nestleiar i rådet.

Saksutgreiing:

I samsvar med vedtektene § 3 skal det veljast leiar og nestleiar. Oversyn over leiarverva dei seinare åra:

Noralv Distad, leiar frå 2011, med Jarle Aarvoll som nestleiar.
Torodd Urnes, Luster kommune har vore leiar i 2010 og 2011
Jarle Aarvoll, Sogndal kommune har vore leiar i 2009
Marta Finden Halset, Vik kommune har vore leiar i 2008
Olav Lunden, Leikanger kommune var leiar i 2006 og 2007.
Knut O. Aarethun, Lærdal kommune var leiar i 2004 og 2005.
Olav Wendelbo, Lærdal kommune var leiar i 2002 og 2003.
Oddbjørn Einan, Årdal kommune var leiar i 2001.
Jarle Skaartun, Sogndal kommune var leiar i 2000.
Ivar Bjarne Underdal, Aurland kommune var leiar i 1998 og 1999.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/749

Arkiv: 036 &85

Saksnr.: Utval
3/14 Sogn regionråd

Møtedato
28.02.2014

Sak 3/14

Val av arbeidsgrupper i Sogn regionråd 2014

Tilråding:

Sogn regionråd skal ha desse arbeidsgruppene:

-
-

Representantar i gruppene er:

-
-

Vedlegg:

Retningslinjer for arbeidsgruppene

Saksutgreiing:

Sogn regionråd har desse arbeidsgruppene helsegruppe, næringsutvikling-/RUP-gruppe og samferdslegruppe, og samansetjinga er slik:

Representantar i gruppene er:

- Helsegruppe: Jan Geir Solheim (leiar), Olav Lunden og Arild Ingar Læg Reid.
- Næringsutvikling-/RUP-gruppe: Arild Ingar Læg Reid (leiar), Noralv Distad, Marta Finden Halset og Ivar Kvalen.
- Samferdslegruppe: Ivar Kvalen (leiar), Harald Offerdal, Jan Geir Solheim og Jarle Aarvoll.

Rådet bør ta stilling til kva arbeidsgrupper som er aktuelle å oppretta og deltakarar til gruppene.

Det har vore vanleg at rådet vel leiar i gruppene, sjølv om dette etter vedtektene § 1 kan gjerast av gruppa sjølv.

Vedlegg

Retningslinjer for arbeidsgrupper

1 Val og samansetnad

Sogn regionråd vel arbeidsgrupper blant medlemmane i rådet. Leiar av arbeidsgruppa kan bli vald av regionrådet eller av arbeidsgruppa.

2 Mynde

Arbeidsgruppene gjev tilråding til regionrådet innanfor sine saksområde. Arbeidsgruppene har ikkje vedtaksmynde. Arbeidsgruppene orienterer regionrådet om status for arbeidet og planane vidare.

3 Mandat

Arbeidsgruppene skal innanfor sine saksområde

- ta initiativ til tiltak og prosjekt som står opp om og utviklar tenesta i regionen
- førebu saker og gje tilråding til regionrådet
- påverka avgjerdestakarar i retning av avgjerder for å betra tilbodet i regionen
- gje fråsegn

Alle saker skal vera forankra og vedtekne i regionrådet før iverksetjing.

Hastesaker skal avklarast på epost til ordførarane med kopi til rådmennene. Medlemmane må få tilstrekkeleg frist til å svara. Dersom ein eller fleire av ordførarane har merknader til saka, har arbeidsgruppa ikkje høve til å iverksetja saka. Arbeidsgruppa har høve til å leggja saka fram i neste regionrådsmøte.

4 Økonomi

Arbeidsgrupper som har behov for eigne midlar for å utføra oppgåvene, kan få tilført midlar frå regionrådet for ei avgrensa periode og til definerte føremål.

5 Sekretariat

Dagleg leiar deltek i møta og er sekretær for arbeidsgruppene. Det skal førast referat frå møta. Dersom medlemmane i arbeidsgruppa har ulike standpunkt i møtet skal dette gå fram av referatet.

Vedtekne i møtet 28.3.2008

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 13/438

Arkiv: B01

Saksnr.: Utval
4/14 Sogn regionråd

Møtedato
28.02.2014

Sak 4/14

Felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn - forprosjekt

Tilråding frå rådmannsgruppa:

Sogn regionråd tilrår at medlemskommunane gjer prinsippvedtak om å delta i eit hovudprosjekt for pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn i samsvar med tilrådingane i forprosjektrapporten av 29.1.2014.

I hovudprosjektet vert det utgreidd både ein felles modell og ein modell med to organisasjonar.

Vedlegg:

Forprosjekt om felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn – endeleg rapport 29.1.2014

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Sogn regionråd har gjennomført eit forprosjekt for å vurdere organiseringa av for pedagogisk-psykologisk teneste (PPT). Opplæringslova § 5-6 stiller krav om at kvar kommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Kommunane i Sogn regionråd har fem ulike organisasjonsløyningar for pp-tenesta og dei bruker meir ressursar på spesialundervisning enn fylket og snittet for landet elles. Forprosjektet for felles PPT inngår i det regionale barnehage- og skuleutviklingsprogrammet «System for styrka læring».

Rådmannsgruppa er styringsgruppe og oppretta ei prosjektgruppe hausten 2012. Programleiar for «System for styrka læring» har vore prosjektleiar og i tillegg leigde vi inn to eksterne prosjektmedarbeidarar frå selskapet Deloitte; Dr. polit Wiggo Hustad og spesialpedagogisk rådgjevar Veline T. Martinsen.

Forprosjektet starta våren 2013 og er meint å gje eit beslutningsgrunnlag for kommunane om dei ønskjer å gå vidare med eit hovudprosjekt. Mandatet i forprosjektet er å sjå nærare på korleis kommunane kan etablere ei felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn. I forprosjektet har vi lagt til rette for å skapa arenaer for deltaking blant aktuelle og sentrale aktørar. Fokus har vore involvering, medskaping og eigeninnsats der deltakarane påverkar resultatet og på den måten kan vi oppnå forståing for endringsbehov og få betre oppslutning om resultatet. Dei to eksterne prosjektmedarbeidarar har vore sentrale i førebuingane/ etterarbeidet av møte/samlingane og har gitt innspel til konklusjonane i rapporten.

Vurdering

Kommunane har fem ulike organisasjonsløyningar, og det blir brukt mykje ressursar på spesialundervisning i vår region. Vi har anslått at regionråds kommunane bruker om lag kr 80 millionar på spesialundervisning per år. Samstundes har vi gode skulefagleg resultat i vår region.

Det er grunn til å tru at vi kan halda fram med å produsera gode skulefagleg resultat, samstundes som omfanget i bruk av spesialundervisning kan reduserast. Rapporten konkluderer i høve til dagens organisering av pp-teneste, ein modell med ei felles teneste og ein modell med to organisasjonar. Rapporten konkluderer også med kommunalt eigarskap og at kommunane må ta hand om pp-tenesta sjølve.

Som rapporten viser kan ny organisering av PPT vera eit konstruktivt grep som vil vera nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg for å løysa utfordringa med aukande bruk av spesialundervisning. Fokus må rettast mot eigarane av ppt, altså skule- og barnehageeigar, og eigarrolla og styringsstrategiane må endrast og utviklast. Rapporten peikar på fleire tiltak som kommunane bør gjera for å betra tilbodet og som kjem i tillegg til å sjå på organisasjonsforma:

- Bestillarkompetansen frå kommunane må bli betre
- Betre interne strukturar og interne prosessar
- Endra haldningar og endra kultur
- Samarbeid barnehage, småskulesteget og barnevernet

Dei tre overordna måla i det utviklingsprogrammet «System for styrka læring» er: 1. Auka læringsutbytte for alle, 2. Styrka tilpassa opplæring og 3. Redusert bruk av spesialundervisning. Kommunane og skulane må ha ei dreining frå spesialundervisning til tilpassa opplæring. Både faglege, menneskelege og økonomiske omsyn talar for at vi må ha færre vedtak og mindre omfang av spesialundervisninga. Dette er utfordringar som programmet skal hjelpe kommunane å løyse, spesielt innan kompetansebygging, rettleiing, kulturendring og arbeid med betra prosessar. Men kommunane må som eigarar også vurdere å endre struktur på dei tenestene for at desse kan bli betre. Struktur formar innhaldet.

Administrasjonen si vurdering er at ny organisering av pp-teneste og arbeid for å utvikla betre prosessar og kulturendring bør skje parallelt.

I eit hovudprosjekt vil ein gå vidare med å konkretisera løysingar for aktuelle organisasjonsformer og tiltaka slik det framgår i rapporten.

Rådmannsgruppa drøfta konklusjonane i rapporten i møte 31. januar 2014. Det var semje om at rapporten vert lagt fram for handsaming i neste regionrådsmøte med rådmannsgruppa si tilråding til rådet.

Arbeidsmåte - prosessen vidare:

Rapporten som ligg føre gir kommunane eit grunnlag til å avgjera om dei ønskjer ny organisasjonsmodell og om arbeidet skal vidareførast i eit hovudprosjekt. Sogn regionråd vedtek ei tilråding til kommunane i dette møtet som blir sendt på høyring. Kommunane blir bedne om å handsama tilrådinga i løpet av mars/april og ta stilling til om dei vil vera med på eit hovudprosjekt.

Sogn regionråd gjer vedtak i neste rådsmøtet 7. mai på bakgrunn av kommunane sine vedtak. Med positive prinsippvedtak i kommunane om at det skal setjast i gang eit hovudprosjekt kan Sogn regionråd arbeida vidare med planlegging, vurdering av organisering, bemanning/stillingsstruktur, kompetansebehov og førebuing som grunnlag til etablering av pp-teneste. I dette ligg vidare vurderingar i høve ein modell med ei felles teneste eller ein modell med to organisasjonar. Sogn regionråd vil i denne fasen knyta til seg fagleg kompetanse og vil orientera rådet undervegs i dette arbeidet.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/746

Arkiv: 065

Saksnr.: Utval
5/14 Sogn regionråd

Møtedato
28.02.2014

Sak 5/14

Orienteringssaker 28.2.2014

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar orienterer om:
 - LVK etter regionsamlinga
 - Kommunereforma – vidare prosess
 - Ordførarsamling
2. Legevakt og lokalmedisinsk senter - status om vedtaka i kommunane
3. Helsegruppa, næringsutviklings-/RUP-gruppa og samferdslegruppa
4. Programstyret «System for styrka læring»
5. Rådmannsgruppa
6. Administrasjonen
 - Produkt- og marknadsanalysen for heilårsreiseliv – status
7. Brannstudien – framlegg til fråsegn (vert ettersendt)
8. Sognekraft sine planar og vassdirektivet ved styreleiar Erlinig Stadheim og adm. direktør Terje Bakke Nævdal
9. Status og planar ved Sogndal lufthamn Haukåsen ved lufthamnsjef Svein Sanden, Avinor

Skriv og melding

Referat frå møte i næringsnettverket 9.-10.12.2013

Notat om status i prosjektet lokalmedisinsk senter av 12.2.2014